



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDPARTEMENT**

Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
12/790

Vår ref.
12/6149 - HAA

Dato
12.12.2012

Høyring – forslag om endring av forskrift om grasrotandel


Justis- og beredskapsdepartementet viser til brev 14. september 2012 frå Kulturdepartementet.

I utkastet til ny § 10 i forskrifta er det opna for inngrep overfor private aktørar, ved at desse kan miste retten til å få grasrotmiddel og kan bli pålagde å betale tilbake grasrotmiddel dei har fått. Dette skal kunne skje dersom ei eining ikkje kan godtgjere ulike omstende, har drive med visse former for kommersiell reklame eller «på andre måter har misbrukt grasrotordningen». Moglegheitene for slike inngrep er etter utkastet såleis vide. Forskriftsheimelen i pengespellova § 10 fyrste ledd fyrste punktum seier berre at ein del av innsatssummen til spel som er omfatta av lova, etter avgjerd frå den enkelte spelaren og «etter nærmere regler fastsatt av Kongen», kan fordelast direkte til einingar som er registrerte i Frivilligheitsregisteret og driv aktivitet på lokalt nivå. Vi kan ikkje sjå at det er vurdert om det ligg føre tilstrekkeleg lovheimel for å innføre slike inngrep som utkastet til ny § 10 i forskrifta legg opp til. Vår tilråding er difor at det blir gjort ei slik vurdering før eit endeleg utkast til forskriftsendringar eventuelt blir fremja.


I utkastet til ny § 3 fjerde ledd bokstav j er det vist til einingar som har mista retten til å

få grasrotmiddel i medhald av § 4. Vi kan ikkje sjå at utkastet til ny § 4 inneheld reglar om tap av retten til å få grasrotmiddel.

Med helsing



Harald Aass
fagdirektør

for 
Nina Helene Norby
førstekonsulent